



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, telefon  
Laila Pedersen Kaland, 5557 2373

Vår dato  
19.05.2017  
Dykkar dato  
16.05.2017

Vår referanse  
2017/6431 421.3  
Dykkar referanse  
17/874

Meland kommune  
Postboks 79  
5906 Frekhaug

### Meland - gnr 57 Bnr 3 - Sætre - naust - uttale

Vi viser til dykkar oversending med frist for uttale til 15.06.2017.

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-formål i arealdel av kommuneplanen for oppføring av naust. Tiltaket er også avhengig av dispensasjon frå byggeforbodet i plan- og bygningslova (pbl) § 1-8 i 100-metersbeltet mot sjø.

#### Fylkesmannen si vurdering

Kommunen kan berre dispensera dersom omsynet bak planføresegnene og plan- og bygningslova sine formål ikkje vert vesentleg tilsidesett. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vera klart større enn ulempene, jf. pbl § 19-2 andre ledd.

Arealdelen av kommuneplanen har vore gjennom ein omfattande prosess, og er vedteken av kommunestyret. Det skal såleis ikkje vera kurant å gjera unntak frå gjeldande plan. Ut ifrå omsynet til offentlegheit, samråd og medverknad i prosessen er det viktig at endringar ikkje skjer ved dispensasjonar, men blir handsama etter reglane om kommuneplanlegging og reguleringsplanlegging, jf. Ot.prp. 32 (07-08) s. 242.

LNF-områda skal i utgangspunkt vera ubygde, og det kan berre førast opp nødvendige bygg i tilknytning til landbruksverksemd.

Byggeforbodet i pbl § 1-8 skal hindra nedbygging av strandsona for å verne omsynet til allmenn ferdsel, friluftsliv og rekreasjon, biologisk mangfald, landskapsinteresser m.m.

I Hordaland er det særleg kommunane Askøy, Fjell, Bergen, Lindås, Meland, Os, Sund og Øygarden som er vurderte til å ha stort press på areal. I desse kommunane skal byggeforbodet i pbl § 1-8 praktiserast strengt. Fylkesmannen viser til statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona, der det m.a. kjem fram at:

*Bygging og landskapsinngrep skal unngås på arealer som har betydning for andre formål, som for eksempel friluftsliv, naturvern, naturmangfold, kulturminner, kulturmiljø, landskap, landbruk, fiskerinæring, havbruk og annen samfunnsmessig betydning.*

Det er ikkje naust eller andre bygg i det området kor naustet er søkt oppført. Bygging her vil såleis punktera eit større ubygde område ved sjø. Sjølv om eit naust er å rekna som eit uthus vil utbygging i seg sjølv kunne privatisera området og gjera det vanskelegare for allmenta å

bruka området. Framfor å opna nye område for utbygging bør ein søka å samla utbygging i ein planprosess der eit større område kan bli vurdert samla. Ein dispensasjon i denne saka vil kunne skapa presedens for seinare søknader om utbygging av naust i LNF-område slik at arealdelen av kommuneplanen på sikt vil kunne mista sin funksjon som styringsverktøy for arealbruken i kommunen.

I den søraustre delen av Buhelrevika er det vidare registrert ein lokalt viktig naturtype, strandeng og strandsump der fleire ulike artar er registrert. Området har tidlegare vore beita, men er no i attgroing. I følgje naturbase er storleiken på dette området om lag 1,2 daa. Utbygging vil kunne vera negativt for denne naturtypen.

I følgje markslagskart frå NIBIO er det aktuelle arealet registrert som innmarksbeite, slik at ei utbygging av dette arealet vil vera negativt også av den grunn.

Fylkesmannen rår frå at det vert gitt dispensasjon frå byggeforbodet i pbl § 1-8 og arealdel av kommuneplanen for oppføring av naust som omsøkt.

Kommunen bør ikkje gi dispensasjon dersom regional styresmakt har uttala seg negativt til søknaden, jf. plan- og bygningslova § 19-2 fjerde ledd siste setning. Dersom det likevel vert gitt dispensasjon, ber vi kommunen sende vedtaket til Fylkesmannen for klagevurdering.

Med helsing

Egil Hauge  
seksjonsleiar

Laila Pedersen Kaland  
seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*